

Himmel&hav

INFORMASJON 3. ÅRGANG / NR. 1 2025



– Vi kan bidra

Sotra Normisjon feirar 75-årsjubileum -
Anita Leganger og Antonette Langeland, sekretær og
leiar i Sotra Normisjon har begge ei fartstid på ca. 50 år.

SIDE 4



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd



Annlaug Børve
Kyrkjeverje



Misjon er kjærleik i handling

I denne utgåva av Himmel&hav kan du mellom anna lese om misjon. Ordet "misjon" kjem frå det latinske missio, som tyder utsending og oppdrag. Misjon handlar altså om å vere sendt med eit viktig oppdrag.

Kristen misjon startar hos Gud, ved at han vender seg til menneske i kjærleik. Med Jesus som førebilete handlar misjon om relasjon til og omsorg for heile mennesket. Det inneber å dele bodskapen om nåden og frelsa i Jesus Kristus, og å arbeide for å betre livsvilkåra til folk gjennom å kjempe mot fattigdom og urettferd.

Det er mange i Øygarden som har eit hjarte for misjon. Det kan ein sjå mellom anna på dei mange misjonsforeiningane som finst her ute. Det hadde vore interessant å sjå kor mykje som opp gjennom åra har vorte samla inn gjennom desse foreiningane. Det er ikkje lite! Ei av dei, Sotra Normisjon, fyller heile 75 år i år! Himmel&hav gratulerer hjarteleg med jubileet og takkar for den viktige innsatsen dei har gjort gjennom generasjonar.

Det er lett å tenkje på misjon som noko som går for seg i framande land langt borte frå vår eigen kvar dag. Men når vi ser på misjon som eit felles oppdrag der hovudingrediensen er kjærleik i handling, vert det klart at misjon er like aktuelt for oss her heime som ute i verda. Det handlar om å gje vidare den kjærleiken vi sjølv har fått.

Utgjevar:

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjeverje

Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

Redaksjon: Olai Otterå (Sund sokn), Øyvind Angelskår (Foldnes sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Olav Martin Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

Framsidebilete: Anita og Antonette på jubileum av Sotra Norisjon.

Foto: Alvhild Vassel Eide

Trykk: Aksell

Opplag: 4 nummer i året.

Frivillig kontingent: 350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds - Takk for di støtte!



Bankkonto kyrkjeblad: 1503.84.37590

Vipps kyrkjeblada i Øygarden: 82511

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kungnjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 11. april

E-post redaksjon: ys487@kyrkja.no

Kontaktinformasjon

Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume
Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvar dagar
kl. 09.30–14.30

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden

Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle poskassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekke ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelen. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

Innhald



- 04** –Vi kan bidra
- 06** Ny praksis for fri grav
- 08** Konsertar og arrangement
- 10** Årets konfirmantar
- 13** Årsmøte i sokna
- 14** Nye ansikt i kyrkjestaben

- 15** Skulderklappet frå Jesus
- 16** På skulebesøk med 1000 år gamle lover
- 18** Livets gang
- 19** Aksjon Godheit
- 20** Barn og unge sine sider
- 24** Smånytt

- 25** Tilbakeblikk frå juletrefestane
- 27** Konfirmantane i nord og misjon
- 28** Forteljingar frå Kamerun og Kenya
- 29** Eit skråblikk på salmeboka
- 30** Gudstenester

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



Medlemmene i Sotra Normisjon: F.v.: Eva Langeland, Tove Karin Jonassen, Helga Ellingsen, Anita Leganger, Kirsten Kjølen, Laila Leganger Howbrook, Gunnbjørg Ågotnes, Antonette Langeland. Marit Landro og Ragnhild Mikalsen var ikke til stades då biletet vart teke.

-Vi kan bidra

Slik seier medlemmene i misjonsforeininga Sotra Normisjon.
Foreininga vart starta 27. januar 1950 og fyller derfor 75 år i 2025.

Tekst og foto: Alvhild Vassel Eide

Foreininga møtest ni gonger i året på omgang heime hjå medlemmene. Denne november-kvelden er dei samla hjå Laila Leganger Howbrook på Solsvik. Ho serverer kveldsmat etter at ho har halde andakt og dei har sunge. Praten går livleg både ved matbordet og etterpå då dei skal fortelja om foreininga som dei har arva.

Starten

Det starta med ei barneforeining ein gong for lenge sidan, den vart sett på pause, før kvinneforeininga vart ein realitet i 1950 under namnet Santalmisjonens kvinne- og bøsseforeining. Namnet vart seinare endra til Solsvik Santallag og i 2001, då Santalmisjonen fusjonerte med Indremisjons-selskapet til Normisjon, vart namnet Sotra Normisjon. Tre av

damene som stod i bresjen frå starten var Berta Langeland, Alvhilda Hermansen og Dagny Haugro.

På Solsvik hadde Det Norske Misjonsselskap, Norsk Lutherisk Misjonssamband og Sjømannsmisjonen foreiningar med basar kvart år, og damene tenkte nok at det høvde med ei foreining for Santalmisjonen også.

I byrjinga møttest foreininga i bedehuskjellaren og var meir ei bibelgruppe. Det vart også levert ut bøsser til folk i bygda, desse vart samla inn ein gong i året. Anita Leganger hugsar å ha vore sendt av garde for å samla inn bøsser.

Basar

Basar med loddosal og loddbøker om hausten har det vore heile tida. Før sat alle med handarbeid, som vart loddha ut eller auksjonert. Men no er det hovudsakleg ei av damene som strikkar, og ho har ein svært stor produksjon som vert loddha ut både på bøkene og på åresala. –Vi har prøvd ulike måtar å samla inn pengar, no meiner vi at vi har ei ordning som står seg, seier Anita, kasseraren, -basar om hausten med åresal og loddbøker der vi også serverer kaffi med gode kaker til, det er populært. –Vi har nett hatt basar med fullt bedehus og god stemning, legg dei andre til i munnen på kvarandre.

–Kva går pengane til?

–Pengane frå basaren går til eit prosjekt i regi av Normisjon. Vi har bl.a hatt eit prosjekt i Mali i tilknytning til familien Sanden frå Øygarden si teneste. No har vi prosjekt i Bangladesh der legeekteparet Haaland frå Bergen driv eit mor/barn arbeid som heiter «Trygg barndom», fortel Antonette Langeland, leiaren i foreininga. –Vi får informasjonsbrev frå dei regelmessig og får god informasjon, det er interessant!

Medlemmene i foreininga nyttar seg også av å gje månadlege gåver via autogiro. Dette går til drifta av Normisjon i Region Hordaland. –Dette er ein grei og sutalaus måte å gje misjonsgåver på, er medlemmene samde om.



Medlemmene sytte for dei flottaste kaker, nok til store og små!

–Kvifor er de med i misjonsforeininga?

–Vi har hjarta for misjon. Vi vil på denne måten vera med å ta ansvar i ei verd som treng det. Det er ein sosial og koseleg måte å bruka tida si på, vi kan bidra og veit at det vi bidreg med er til nytte og glede for andre. Det gjev ein god følelse å støtta både det evangeliserande og det sosiale arbeidet Normisjon driv. Vi deler med kvarandre og vi ber for kvarandre,

Dessutan er basaren eit lågterskeltilbod her i bygda. –Kjekt å koma på basar og kjenna lukten av bedehuskaffi, som ein sa då han kom inn dørane.

–Korleis ser de på framtida?

–Vi held fram slik vi gjer så lenge kreftene held! Vi ønsker nye medlemmer hjarteleg velkomne! På foreininga har vi det både kjekt og interessant!

Jubileumsfesten

Solsvik bedehus er pynta til fest, Sotra Normisjon har invitert for å feira 75 års samanhengande arbeid. Festkledde foreningsmedlemmer, ektefellar, bygdefolk

og andre inviterte er på plass. Fest-tonar frå Rune Landro sin saksofon opnar festen, som inneheld både fellessong, solosong og trompetspel av Elisabeth Breistein Leganger, festtale, historisk tilbakeblikk, konkurranse, diktlesing og ulike helsingar. Til ein jubileumsfest høyrer festmåltid, velsmakande snittar og eit bugnande kakebord stod på menyen. Festen vert dyktig leia av Antonette Langeland.

Leiar i Normisjon region Hordaland, Kristian Bjørkhaug minna oss om misjonsforeininga si oppgåve: å vera vegryddar for Jesus, i nærmiljøet og like til jorda sine endar.

Det er stolte foreningsmedlemmer som feirar 75 år for Sotra Normisjon!

–Vi har ingen planar om å gje oss! Seier Anita Leganger, kasserar og historieforteljar.



Ny praksis for fri grav

Alle som på dødstidspunktet hadde bustad i Øygarden kommune har rett til fri grav i 20 år, det vil seie at ein ikkje må betale avgift for grava.

Tekst: Annlaug Børve, kyrkjeverje

Inntil nyleg gjaldt dette berre der som ein valte å ta i bruk ei tilvist grav, det vil seie at ein brukte ei grav som var tildelt av gravferdsmynde. Ville ein bruke opp igjen ei gammal festegrav, eller ta i bruk ei grav som var festa ved sida av første avdøde, måtte ein betale festeavgift for desse gravene.

Frå 1. januar 2025 er dette endra. No er det slik at avdøde som på dødstidspunktet hadde bustad i kommunen får fri grav i 20 år, sjølv om ein tek i bruk ei festa grav til gravlegginga. Endringa har ikkje tilbakevirkande kraft, og får ingen innverknad på festeavgift som alt er betalt.

Dersom ein ønsker å feste ei grav ved sida av, må ein framleis betale festeavgift for den tida grava ikkje

er i bruk. Ein betalar då festeavgift for 20 år ved reservasjonen. Når grava vert teken i bruk, vert forfalltidspunkt for neste faktura forskyvd med 20 år.

Det er Øygarden kommunestyre som fastset storleiken på festeavgiftene i kommunen. Årleg festeavgift er frå 01.01.2025:

Festeavgift urnegrav/barnegrav	485
Festeavgift kistegrav	690
Festeavgift for urnegrav i namna minnelund	190
Festeavgift for graver over 60 år	1 130

Når det er gått 20 år sidan siste gravlegging, er frigravsperioden

gått ut. Dersom ein ønsker å behalde grava, må ein betale ei festeavgift for dette. Avgifta vert fakturert i 5-årsbolkar, og skjer automatisk. Festar treng ikkje å kontakta kyrkjeleg fellesråd når det gjeld fornying av fest. Ubetalt faktura vert purra. Dersom festeavgifta ikkje vert betalt, vil grava til slutt verte sletta. Gravsteinen vert då teken bort, og grava går tilbake til fellesrådet si forvalting.

For avdøde som ikkje hadde bustad i kommunen, må ein betale festeavgift frå dag ein. Det vert då kravd inn festeavgift først for 20 år, deretter kvart 5. år.

Meir detaljert informasjon og gravplassvedtekten finn ein på vår nettside:

www.kyrkja.no/oygarden/gravferd

Budsjett 2025

Øygarden kyrkjelege fellesråd har fått ei driftsramme på kr 35 388 000 i budsjettvedtaket for 2025 frå Øygarden kommune. Dette er det same beløpet som i 2024, og kr 1,4 millionar lågare enn det fellesrådet foreslo i sitt budsjettframlegg. For å balansere budsjettet har vi sett i verk tiltak som redusert leigeutgifter ved å halvere leigearalet til kyrkjekontoret. Det vert heller ikkje tilsett ny kyrkegardsarbeidar i ei stilling som er vakant frå 1. mars.

Kommunen har løyvd kr 4 180 000 til investeringar. Desse midlane skal nyttast til innkjøp av nødvendige maskiner til gravferdsfeltet, inkludert robotklipparar på utvalde gravplassar. I tillegg vert det investert i energisparingstiltak i fleire kyrkjer.

Øygarden kyrkjelege fellesråd takkar Øygarden kommune for løvingane til drift og investeringar i 2025. Vi ser fram til å forvalte midlene på en effektiv og bærekraftig måte til det beste for lokalsamfunnet.

Annlaug Børve, kyrkjeverje



Motta nyheitsbrev

Meld deg på nyheitsbrevet frå Øygarden kyrkjelege fellesråd. Det vert sendt ut eit par gonger i månaden, til ansatte, folkevalgte, frivillige og andre interessaerte.

Nyheitsbrev på e-post

Den norske kyrkja i Øygarden har opprettat ein nyheitsbrev ein kan abonnere på. Her viser vi fram noko av det flotte arbeidet som skjer i kyrkjene i kommunen.



Scan QR-koden eller gå inn på nettsiden under for å få brevet.
kyrkja.no/oygarden/nyheitsbrev

Vårens vakraste eventyr

Tekst og foto: Anne Ludvigsen Kaldestad



Kyrkja kallar det for «vårens vakraste eventyr» når myldrande og spente 3. klassingar som soknar til Fjell, Foldnes og Landro inntar sine lokale kyrkjer. I løpet av ein føremiddag i kyrkja vert dei betre kjende med både kyrkjhuset, tradisjonar, kunst, historie og dei tilsette. Dei får arbeide med oppgåver i eit spesiallaga hefte. Dette har vore tradisjon i mange år i dei tre kyrkjene.

Tiltaket er svært godt likt av skulane, og dei gjev gode tilbakemeldingar. I år var det ca. 300 barn som vitja kyrkjene, saman med sine lærarar og assistenter. I kyrkja stiller prest, kyrkjetenor, organist og pedagog opp når klassane kjem. I tillegg fire pensjonerte pedagogar frå kyrkja sitt pedagogiske forum for kvar vandring.

Bli ein av oss

- Eg gler meg til kvar vakt. Å gjera noko for andre gir livet mitt mening.

- Frivillig i Kirkens SOS

Les mer og søk på: kirkens-sos.no/frivillig

Basar i Foldnes kyrkje

laurdag 5. april
kl. 16.00

Basargruppa i Foldnes kyrkje inviterer til basar!

I år arrangerer vi basar for 11. gong. Basargruppa består av damer som treffest ca. ein gong i månaden og førebur basar. På basaren kan du vinne mange flotte gevinstar. M.a. mykje som er handlaga. Det blir trekking av lodd på årar og lodd på loddbøker. Det vil bli ei lita andakt og det blir servert kaffi og bollar.

Vi ønskjer store og små hjarteleg velkommen.



Sammen i sangen med divisi i Landro kyrkje

Fredag 21. mars kl. 20.30 kjem koret divisi til Landro kyrkje saman med dyktige musikarar. Velkommen skal du vere til å ta del i denne allsangskvelden, saman gjer vi dette til Guds ære!



Vårmarknad

Det vert basar med sal av årar, hovudtrekning, kafé, tombola og ord for dagen.

Det vert òg sal av ulike bakverk pluss litt anna.

Inntekta går til kyrkjelydsarbeidet og til starten av eit fond til utsmykking av ein minnelund.

Gåver tar vi imot med stor takk.

Har du noko du vil bidra med, ta kontakt med anten Bente Aase 481 20 118, Cecilie Møgster 952 27 072 eller Torbjørg Bakke 986 07 675.

KVA ER EIN MINNELUND?

Minnelund er eit felles minnesmerke (ikkje eit enkeltståande gravminne) der det er høve til å setja opp namn og årstal for fødsel og død for den avlidne. Ei namneplate blir montert på eit felles minnesmerke på feltet. Det vil ofte vera felles planting, og dei etterlatne kan setja frå seg blomar og lys på merka felt.

Bibeltimar i Nautnes bedehus

Torsdag 30. januar kl. 19
ved Asle Hettlebakke

Torsdag 27. februar kl. 19
ved Audun Hjellvik

Torsdag 27. mars kl. 19
ved Christian Skoge

Torsdag 24. april kl. 19
ved prost Jan Tommy Fosse, Sangkoret Nordhordlandsmusikken gler oss med sang

Torsdag 22. mai kl. 19
ved Ole Corneliussen

Basar

I LANDRO KIRKJE

Laurdag
15. mars
kl. 15.00



Laurdag 15.mars blir det, tradisjonen tru, basar i Landro kyrkje. Klokka 15.00 set Landro barne-og tweenskor tonen for det som garantert blir ein kjekk ettermiddag. Her blir det gratis kaffi med smakfull bakst, det blir åresal og høve til å ta lodd på loddbøkene som har mange flotte gevinstar. Vi skal ha andakt og litt allsong, og det er eige barnelotteri (med gevinstgaranti).

Formålet med basaren i år er å samle inn midlar til ungdomsarbeidet i kyrkja. Sidan starten for over 40 år sidan, har det vore drive ungdomsklubb i Landro. Det begynte med Treffstaden i Solsvik, før kyrkja heldt fram arbeidet med det som no heiter Landrokubben. Det er ein møtestad for ungdom frå 8. klasse og oppover. Vi samlast ca.annankvar fredag til kjekke aktivitetar, andakt, god mat og prat. Det er ei flott ressursgruppe av frivillige som saman med ungdomsarbeidar held i trådane. Det er alltid behov for både oppgradering av utstyr og ønske om å kunne finne på kjekke aktivitetar saman med ungdommane. Derfor ønskjer vi å samle inn midlar til dette i år.

Set av ettermiddagen og få med deg basaren i Landro kyrkje! Du er hjartelig velkommen!



Fellesskaps-laurdag

for små og store!

**Laurdag 15. mars kl. 10-14
i Hjelme kyrkje**

Ungdomsteamet har
eige opplegg for barna
(ta med uteklede)

Ommund Rolfsen
med fleire tek del

Pizza til lunsj

Inga påmelding

Arrangør:
Hjelme og Blomvåg sokneråd

HJELTEFJORDEN ARENA
FRE 04. APRIL 21:30

KONSERTBILLETT 220 KR



bit.ly/lisarefuel



@refueloygarden

ARRANGØR:

REFUEL

**LISA BØRUD
MED BAND**



Konfirmantar 2025!

FOLDNES KYRKJE

LAURDAG 10. MAI KL. 10.00

Tobias Berg-Hansen
Ella Martine Hammer
Amanda Hattaland
Jakob Hennø
Oliver Fauskanger Johansen
Robin Eeg Johnsen
Natalie Eikeland Larsen
Mathias Lilleheil
Ida Mjøs
Isabelle Léontine Otterlei Raemy
Nicolay Stornæs Skjold
Natalie Solsvik Svindland
Maximilian Ellingsen Trotta

LAURDAG 10. MAI KL. 12.00

Nora Bognø-Landsvik
Kevin Salemonsen Bruland
Emma Linea Bjørøy Bø
Elli Kobbeltvedt Dale
Marielle Duesund
Alexander Gjelsvik Eriksen
Hedda Johanne Friis
Henrik Birkhaug Halseth
Tuva Brekke Harung
Nora Landsvik Hope
Benjamin Bjørø Jonsson
Vilde Misje
Ariel Mo
Elias Romarheim Nilsen
Marius Andres Nyland
Sander Dang Rossland
Erle Martine Slettebakken
Tilde Stiegler

Cato Boge Storhaug
Maria Ekerhovd Tingvoll
Arne Tyssøy
Sarah Landro Våga

LAURDAG 10. MAI KL. 14.00

Brage Alsaker
Ola Hagenes
Magnus Reknes Hauge
Eivind Heggernes
Leon Fardal Hellebø
William Sangolt Håberg
Mia Haaland-Karlsen
Milla Karin Lihaug Kismul
Taran Marlen Kløvrud
Frøy Evenstad Kvalsvik
Sebastian Kvinge
Benjamin Bjørvik Lillebø
Casper Bjørvik Lillebø
Kristian Dahl Lillebø
Viktor Løtveit
Andreas Stordal
Celine Uthaug
Mille Pauline Djuprevåg Våge
Alexandra Tamara Zeid-Grønnerud
Ulrik Aase

SØNDAG 11. MAI KL. 10.30

Maja Meyer Askeland
Helena Wladyslawa Beda
David Husabø Eide
Mathias Dåvøy Ekrein
Alexander Kjerstad Ellefseth
Marius Berger Ellingsen
Johan Samson Morland Hansen

Viljar Hjønnnevåg Hansen
Kristian Johannesen
Celine Moberg
Nicholas Morland Nettestad
Isabel Ramfjord
David Wergeland Refvik
Natalia Linnea Romslo
Oscar Rundhovde Sletner
Bettina Knarvik Strønen
Mathias Toftevåg
Ada Oma Tvedt
Sebastian Cavalcante Ytredal

SØNDAG 11. MAI KL. 12.30

Mathias Foldnes Berge
Aksel Borge-Utvik
Thias Sund Dahl
Nathaniel Datu Fjæreide
Chevy Alexander Hermansen Gavlen
Emil Skotnes Grindheim
Andrea Øvrebø Holmelid
Isak Soumahoro Jensen
Aksel Bjørsvik Kallevik
Amalie Vold Kjelby
Mikkel Kjær
Adrian Victor Delgado Kvinge
Ludvig Losnedahl
Even Nordvik-Ottesen
Louise Nordvik-Ottesen
Liam Nybøe-Nilssen
Oliver Skaar
Magnus Foldnes Storebø
Nicklas Vargervik Straume
Marcus Klepsvik Totland
Dahlia Linnea Aas

FJELL KYRKJE

LAURDAG 3. MAI KL. 11.00

Lotta Oline Rogne Birknes
Vebjørn Bjerke Bjorland
Henriette Kleppe Forland
Lisa Sangolt Hagenes
Eirik Aarvik Sletten Hansen
Emilie Hansen
Elias Kristoffer Hitsøy
Kristoffer Andre Hufthammer
Freya Naomi Magnussen Kamara
Martina Kleppe
Bastian Martinus Larsen
Mathea Kristin Lie
Markus Midtlund-Angeltveit
Stine Victoria Johannessen Milje
Benjamin Overholdt
Mathias Heggen Ree
Sofia Riise
Ana Santacruz
Lykke Seljeseth
Ingeborg Svennevik
Krister Ulveseth
Helene Solheim Vetås

LAURDAG 3. MAI KL. 13.00

Hedda Martine Kjeilen Bach
Dennis Berg
Lena Kjelby Flermoen
Marcel Frisk

Lennard Nico Grütte
Sebastian Hammer
Linnea Hansen
Isabel Lind Hatland
Amalie Heggholmen
Kiana Våge Lisigurski
Emil Tellnes Molland
Solveig Morland
Elise Nordahl-Pedersen
Nathalie Nybøe
Erik Rong-Brunch
Malene Juuhl Vabø
Bella Marie Young
Leah Josephine Øvretveit

SØNDAG 4. MAI KL. 11.00

Martin Josè Bayas-Egeland
Anna Elisabeth Nordvik Dalsgård
Alexander Eikås
Elias Ekren
Hailey Alexandra Graue
Isabelle Høgøy Helle
Vilde Helle
Marcus Oliveira Håland
Matias Instebø
Magnus Låstad
Selma Mellingen-Haugland
Thea Nesse
Thomas Nordvik

Sara Helen Pedersen
Alexander Øpstad Peers
Marit Rønshaugen
Vanessa Victoria Rørdal-Hansen
Ulrikke Stensrud
Sander Emil Lokøy Sørensen
Alise Kønig Ulveseth
Taran Aase

SØNDAG 4. MAI KL. 13.00

Nora Kjærgård Amland
Tobias Rinde Andersen
Lucas Larsen Astrup
Magnus Bolstad
Julian Edgren
Joakim Sekkingstad Eide
Linnea Fjellheim Håvardstun
Julie Solsvik Johnsen
Karoline Langøy
Sofie Hanssen Moen
Sara Katrine Ruud Nilsen
Thea Hitsøy Nilsen
Mio Moen Nordås
Aurora Regine Olsvik
Sturla Kausland Sleen
Tina Solsvik
Emilie Wolff
Sebastian Svarthumle Olsen

KAUSLAND KYRKJE

LAURDAG 3. MAI KL. 13.00

Leon Franco Agasøster
Camilla Hellesø Baardsen
Ingrid Lind Eide
Martha Spilde Helle
Albert Berge Johansen
Iver Kausland
Ella Kausland
Milla Fredheim Kleppe
Dennis Fjell Mohn Kleppe
Benjamin Boga Møgster
Mia-Helene Golten Pettersen
Joacim Øvretveit Rehder
Simen Rørnes Singdahlsen
Anders Rørnes Singdahlsen
Ulrik Vorland Skoge
Nora Elise Steinestø
Nicolas Maranhao Storemark
Tobias Telle
Even Evensen Trellevik

LAURDAG 10. MAI KL. 11.00

Sebastian Midttveit Carlsson
Ronja Celin Forland
Vilde Othelia Gregersen
Maia Kausland
Oliver Raa Lokøy
Leander Knapskog Misje
Nora Eide Normann
Nora Randem
Tuva Randem
Sebastian Skage
Pernille Windheim Ulvøy
Matheo Andre Eide Øvretveit

LAURDAG 10. MAI KL. 13.00

Damien Leander Armstrong
Styrk Blomvågnes-Bakke
Arn Blomvågnes-Bakke
Ådne Nipen Bøthun
Casper Hammersland

Elfrida Høyland
Philip Iversen-Skoge
Jakob Bakke Jensen
Jesper André Jensen
Andrè Moen Kjærland
Gunhild Kolbeinsvik
Ariel Linnea Finsås Kårtveit
Niklas Berge Midttveit
Thomas Nekkøy
Adrian Karlsen Skjellevik
Nils Beck Tofteraa
Jonas Andre Vorland

SØNDAG 11. MAI KL. 11.00

Pia Emilie Aksnes
Vegard Hjørnevik Børnes

SØNDAG 11. MAI KL. 12.30

Kevin Einar Myklebust Nilsen

LANDRO KYRKJE

LAURDAG 10. MAI KL. 10.30

Emma Emilie Knapskaug Bell
Natalie Berg
Sebastian Dyrøy
Ariander Dyrkolbotn Flataker
William Kårtveit
Alexandra Narciso Landro
William Hexum Marofi
Magnus Mikkelsen
Christian Misje
Mikael Misje
Gabriela Quispe
Casper Blokhus Saltnes
Christina Victoria Såtendal
Emilie Vågheim

LAURDAG 10. MAI KL. 12.30

Lukas Akselberg
Linnea Hag-Olsen
Mathea Pettersen Halvorsen-Ophaug
Andrea Knappen
Aron Sebastian Tvedterås Kvalheim
Linnea Lervik
Frida Misje Lokøy
Helene Misje Lokøy
Theo Misje
Tiril Rødbotten-Gilborne

Maxmiliam Solsvik
Alexander Steinsland
Adrian Svellingen
Linnea Eikevåg Misje

SØNDAG 11. MAI KL. 10.00

Oskar Algrøy
Whitney Sekina Dyrkolbotn
Isabell Eide-Hellesund
Mikael Vindenes Engan
Kirsti Djuvik Erdal
Elina Hustig-Lund
Pernille Ågotnes Jonsson
Olivia Kaser
Amalie Sletten Lervik
Amalie Misje
Eivind Monsen
Linnea Mørner-Vågheim
Joakim Lauvik Skjolddal
Leon Tobias Stokke
Pernille Molland Telle
Mariell Trellevik

SØNDAG 11. MAI KL. 12.00

Patrick Spilde Akselberg
Isabell Bringedal
Espen Friis
Maren Friis

Gyda Amalie Solheim Gjertsen
Ella Hagenes
Dennis André Heimark
Jesper Johannessen
Leah Elin Johansen
Martine Landro
Henrik Lønøy-Merkesvik
Malene Marthinussen
Synne Dagestad Martinussen
Ingebjørg Helleland Risdal
Alva Louise Ågotnes Tellnes
Oliver Trones

SØNDAG 11. MAI KL. 14.00

Ariel Næss Bentzen
Andreas Nipen Berentsen
Emilie Eriksson-Kvalvik
Mathias Garvik-Andersen
Antonio Solsvik Halland
Philip René Lie
Iselinn Krestin Nygard
Adrian Svendsen Olsen
Magnus Andreas Monsen Rong
Mathias Solhaug
Lasse Strømmen
Tobias Dvergsdal Vindenes
Isabell Ågotnes



BLOMVÅG KYRKJE

SØNDAG 4. MAI KL. 10.30

Andrea Madeleine Dale
Emilie Heggernes Rong
Gina Victoria Solsvik Blom
Ida Grundvåg Haugetun
Line-Sofie Oen
Lucas Johannessen Eliassen
Malene Breivik
Mathias Jåvold
Rositha Knarvik Fjeldstad
Vilde Elvestad

SØNDAG 4. MAI KL. 13.00

Alexander Larsen
Aurora Nicole Skråmestø
Ludvig Landro

Marthe Nottveit
Patrick Vindenes
Sebastian Barmen-Johnsen

LAURDAG 10. MAI KL. 10.30

Emilian Fjeldstad
Filip Prestvold Hellesøy
Mathias Hagenes Stenhjem
Mathias Hjønnevåg
Nikolai Holgersen
Thomas Henryk Bergesen
Thure Taule Soløy

LAURDAG 10. MAI KL. 13.00

Amelia Vatnvåg-Fjeldstad
Benjamin Dale-Oppedal
Christine Torsvik Loga

Emma Mariel Jansen
Jon Torsvik Loga
Matias Hatten Rong
Sindre Alfstad
Tindra Risløw
Tristan Husebø Hagen
Victoria Sårheim Toft

HJELME KYRKJE

SØNDAG 11. MAI KL. 11.00

Christina Solvang Berntsen
Emil Solberg Kvalvik
Emilie Solbakk Alvheim
Nikolai Havstein
Teodor Fjeldstad

SUND KYRKJE

LAURDAG 3. MAI KL. 11.00

Trym Bjørkmann
Sander Tysdal Edvardsen
Lucas Tysdal Edvardsen
Magnus Fikse
Vegard Førde
Tuva Leonora Giskegjerde
Kristoffer Lohmann Hatletun
Nora Kalgraaff Håkonsund
Celina Marielle Angeltveit Kantchev
Athena Kvitle
Thorben Mikal Ekren Ludvig
Linea Isabel Nesse
Karoline Blomvågnes Pedersen
Jan Emil Sangolt Raa
Sofia Sangolt
Emily Schjørn-Ludvigsen
Noah Toft
Simen Vestgård
Richard William Hugo De Waal

SØNDAG 4. MAI KL. 11.00

Nikolas Nordvik Børnes
Kine Tingvoll Ekerhovd
Rikke Eliassen Ekren
David Telle Forland
Nikolai Forland
Mathias Glistrup-Hermansen
Aksel Golten
Alexandra Kvammen Grønning
Jørgen Kalstad
Dorthea Revne Klepsvik
Adrian Kvalnes
Elisa Dåvøy Natås
Ida Sofie Rokkan
Øystein Sangolt
Mira Isabell Stien

DEN NORSKE KYRKJA

VEL MØTT TIL

årsmøte i sokna

**Foldnes kyrkje søndag 23. mars
etter gudstenesta kl. 11**

**Fjell kyrkje søndag 23. mars
etter gudstenesta kl. 11**

**Blomvåg kyrkje søndag 23. mars
etter gudstenesta kl. 11**

**Kausland kyrkje søndag 6. april
etter gudstenesta kl. 11**

**Landro kyrkje søndag 27. april
etter gudstenesta kl. 11**

**Årsmeldinga vert tilgjengeleg
i kyrkja og på nettsida
kyrkja.no/oygarden/arsmelding
to veker før møtet.**

Snakk om det!



Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Den strekker seg frå dei nære kvardagslege relasjonane til engasjement for klima og fattigdom i verda.


Livet går i swingar, i berg-og-dal-baner. Om ein er barn, ungdom, voksen eller eldre. Det gode liv er lett å dele! Men derlivet byr på utfordringar og hinder kan det vanskelege vere tungt å dele.
Og tungt å bere.

I samtale kan hjartet bli lettare, det er godt å sette ord på det som tyngjer, "knuten i kroppen" kan så smått løsne. Delt sorg blir ikkje alltid halv sorg, men det kan lette litt.

Diakonen i Landro Synnøve Elvina Engelsen er tilgjengeleg for samtalar. Både på institusjon, heimebesøk, eller i Landro kyrkje. Tlf. 950 55 178.

Sjå s. 31 for kontaktinformasjon til diakonairbeidet i dei andre sokna.

Demensforeningen



Demensforeningen i Fjell, Sund og Øygarden har bak seg eit aktivt år med samlingar for demente og for pårørande. Me har hatt informasjonsmøte som samlar fullt hus og er retta mot denne gruppa. Basaren i oktober samla stappfull kantine på Tednebakkane, og gav mykje pengar.

Me har hatt sommarfest og førjulssamling med god mat og avslappa stemning. Me prøver også å spreie aktivitetane til alle deler av kommunen, og medlemstalet er stigande. Men der er plass til mange fleire. Og mange lever med sjukdomen tett på.

Det vert forska mykje på sjukdom i hjerne, og me har funne å kunna gje ei gåve stor femti tusen kroner. Det kan koma mange til nytte i tida som kjem.

Takk til alle som deltek i form av medlemskap, gåver, strikking til basaren vår. Og til dei som stiller på samlingane våre og er interesserte i temaet "demens".

Godt nytt år til alle.

Skrivar i laget er
Solbjørg Helen Vik.

Nye ansikt i kyrkjestaðen

Vi er glade for å presentere fleire nye tilsette som har starta opp i ulike rollar i Øygarden kyrkjelege fellesråd.



Dan Yun Aarstad byrja som ungdomsarbeidar i Foldnes kyrkje september 2024. Stillinga hans er knytt til *Ungdomslørdag*, som er ein ungdomsklubb frå 8. trinn og oppover i Foldnes, der han skal bidra til å skape eit trygt og inkluderande miljø for ungdomane i soknet. Dan har allereie vore tilsett hjå oss ein stund, men vi gler oss til fortsettinga og mange gode stunder saman med han.



I Fjell kyrkje har vi fått **Karianne Kleppe** i ei 60%-vikariat som kyrkjelydspedagog. Karianne starta i stillinga januar 2025 og vil vere tilsett fram til 31. desember 2025. Karianne har allereie kome godt i gang og skal blant anna ha ansvar for å leie trusopplæringa i Fjell, T-dagar, Tweens, Tweens+ og meir til.



Beate Sørhus jobbar til vanleg med konfirmantarbeidet i Fjell, Landro og Foldnes. Ho har takka ja til ei fast 100%-stilling som kyrkjelydspedagog i Sund sokn. Beate byrjar i stillinga i midten av mai og skal jobbe med å leie den kyrkjelege undervisinga og læringa i Sund for 0-18 år, konfirmantar, ungdomsklubb og mykje meir. Inntil vidare skal ho følgje konfirmantkullet ut i noverande stilling.



Vi har òg fått ny seksjonsleiar for diakoni – **Bodil Lee Øksnes Espedahl**. Bodil har tidlegare vore seksjonsleiar for barn og unge i eit vikariat gjennom 2024, men frå og med 1. april 2025 vil ho starta opp i stillinga som seksjonsleiar for diakoni, ettersom Astrid Fylling går av med pensjon. Diakonien er viktig for Den norske kyrkja og lokalsamfunnet, og vi er spente på å sjå Bodil tiltre stillinga.



Til slutt har vi glede av å ønske **Tommy Gundersen** velkommen som gravplassarbeidar. Tommy starta i stillinga oktober 2024 og har allereie kome godt i gang med sine oppgåver. Hans grundige arbeid og engasjement vil bidra til at gravplassen vert godt tekne vare på for både noverande og framtidige generasjonar.

Vi ønskjer Dan, Karianne, Beate, Bodil og Tommy varmt velkommen til kyrkjelydane våre og ser fram til å jobbe saman med dei i tida framover!



Skulderklappet frå Jesus

Kjell-Asle Børnes
Prostiprest



I ein legende blir det fortalt at då Jesus hadde gjeve misjonsbefalinga og fare opp til himmelen, spurde engelen Gabriel: Har du ein plan B – dersom læresveinane dine sviktar? Jesus svara: Eg har ingen plan B. Eg satsar på at mine vitne gjer jobben. Dei er min plan!

Tenk deg at OL-stafetten er godt i gang. Dei tre første etappane har gått svært bra for Noreg, og siste veksling skjer. Men like etter skulderklappet og vekslingsa seier Noreg si ankerkvinne: «Eg trur eg trekkjer meg, for eg syns ikkje eg passar så godt til denne oppgåva.» Kva skjer då? Jau, Noreg vinn ikkje gull – sjølv om laget leia klart etter tre etappar. For stafetten er jo ikkje ferdig før siste etappe har kryssa mål-linja!

Misjon er tema for denne andakten. Og misjon handlar om å få skulderklappet og stadig leggja ut på nye etappar med den glade bodskapen om Jesus, vår Frelsar. Vi veit ikkje om det *no er siste veksling i evangelie-stafetten*, men det er i alle fall ei veksling!

Du og eg har fått skulderklappet og er ute på vår etappe. Mange gode etappar har blitt fullført før oss, men stafetten er ikkje ferdig før siste etappe er i mål. Og bryt vi vår etappe kjem ikkje Jesus i mål – han som vil at alle menneske skal bli frelst! Han har ingen plan B... Han stolar på sine vitne. Vi som er døypte til hans namn er hans plan!

I Rom 10,13 står det: "Kvar den som kallar på Herrens navn, skal bli frelst". Men så fortset alvoret i v.14: "Korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? Og korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har hørt om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner? Og korleis kan dei forkynna dersom dei ikkje blir utsende?"

Kjære medvandrarar: Dåps- og misjonsbefalinga gjeld ALLE læresveinar! Den første gjengen tok ansvar og gjennomførte første etappen – på tross av spott og død... Og sidan har mange andre tatt befalinga på alvor slik at evangeliet også har nådd OSS.

Men stafetten er *ikkje* over! Og Jesus har altså ingen plan B! Han satsar på deg og meg her heime, og der ute.

- Barnekor og tweensklubb treng leiarar.
- Gudstenester treng friviljuge medarbeidrarar.
- Dei vi døyper treng å læra kveldsbøn og få høyra historiar om Jesus som er vår ven.
- Dei som vandrar åleine treng ein trygg medvandrar og ei god hand å halda i.

Og: Ja, vi kan ofte bli slitne og motlause på våre misjonsetappar. Og det hender vel at vi også tenkjer negative tankar, som: «Eg passar ikkje til dette, eg føler meg ikkje god nok». Lat oss då minna kvarandre på følgjande:

Gud kallar ikkje kvalifiserte, han kvalifiserer dei han kallar!

Difor kan også vi svara med profeten og misjonären Jesaja: "Sjå, her er eg, send meg!"



På skulebesøk med 1000 år gamle lover

Når nokon har bursdag, feirar vi. Det siste året har vi feira at det er 1000 år sidan Noreg formelt blei eit kristent rike. Det skjedde med dei nye lovene som fekk namnet Kristenretten.

Tekst: Espen Tveten

Foto: Martin Jonas Hellesund Nakken

I anledning 1000-årsjubileet har kyrkja i Hjelme og Blomvåg besøkt dei tre nordligaste barneskulanane.

Med sjølvprodusert skodespel og undervisingstime fekk Tjeldstø, Toftøy og Rong skule besøk av kyrkja. Det blei ei reise tilbake til våren 1024 på Moster og nokon av dei viktigaste timane i Noregs historie. Skuleelevarne blei ein del av tinget, der nokon blei småkongar, andre blei storbønder, rike kvinner og frie menn. Ingen fekk rolla som trælar, for trælefolket hadde inga tilgang til tinget i denne tida.

Det var Olav Haraldsson, seinare Olav den heilage, og den engelske biskopen Grimkjell som sto bak dei nye lovene. Det var desse to som først inntok scenen i skodespelet. Men dei fekk ikkje fred. Dei vart avbrote av eit ektepar der kona syntes det var for gale at den døde trælen på storgarden deira skulle verte kasta på havet. Kvifor kunne han ikkje gravast i jorda slik som dei sjølve? Dette reagerte også kongen på, og laga ei lov mot dette. Etter dette blei kongen og biskopen avbrote av både ei misnøgd kvinne som ville ha eit ord med i laget på valet av ektemann. Og eit par overarbeida trælar.

Kongen vart gripen og det blei nye lover med medbestemming for kvinner. Søndagen vart fridag for alle, træler inkludert.

Det tok rett nok lang tid før lovene vart integrerte fullt ut i det norske samfunnet. Men eit frø hadde vorte sådd. Noko nytt hadde teke til å veksa og startskotet for vårt demokrati kan setjast til Moster i 1024. Kristenretten er det fyrste norske lovverket basert på kristne verdiar, og markerte starten på svært viktige prosessar for landet vårt. Spora etter Kristenretten er framleis til stades i samfunnet vårt i dag.



Hogne Berland, Calem Hefley, Johanne Hatten og Kaia Eide på scenen på Rong skule.

Om me er skulelevar eller vaksne, har me godt av å sjå dei lange linene tilbake i tid. Mange veit nok heller ikkje kor viktig Bibelen er for vår lovhistorie. Olav den heilage hadde vore i både Frankrike og England og sett kva verdiar kristentrua fronta. Dette vart vidareført med Kristenretten og det bibelske synet på menneske var berebjelken i lova.

Landet vårt fekk ein ny religion og ei ny ordning som skilte seg frå den norrøne trua som hadde

vore her før kristendommen. Den nye religionen skapte nye tider for folk og samfunnet. Det blei ein overgang frå å vere eit maktsamfunn til eit rettssamfunn. Med kristninga kom ideen om at det finst noko som er rett, heilt uavhengig om du er rik eller fattig.

Med bakgrunn frå Moster er det enkelt å setje sokelys på saker som er viktig for unge. Korleis formar me framtida? Elevane på barneskulane fekk drøfte kva som gjer ei lov god og kva lover me

treng for at alle skal ha det godt i landet vårt. Forslaga var mange, alt frå påbod om gratis snop til forbod mot ultraprosessert mat.

I dag er det verken kongar eller biskopar som lagar lovene våre, det er politikarar som er valt av heile folket. Om nokre år er det elevane på Tjeldstø, Toftøy og Rong som er med i dette viktige arbeidet.

Kjeldar: Moster2024.no og jubileumsboka Moster iz da thing!



LIVETS GANG

21. oktober 2024 - 9. februar 2025

DØYPTE

Kausland kyrkje

Brage Fredheim Sangolt
Emma Hjelle
Asbjørn Tydal Eknes
Linea Pedersen Lavik
Leon Hagenes Olsen
Elvira Berge Solheim
Olea Johanne Ødegaard

Sund kyrkje

Johannes Sangolt Isaksen
Mathias Seim Lund
Sverre-Anton Glesnes Hagen
Odine Sørtun Torseth
Noah Telle Toft

Fjell kyrkje

Evy Sophia Aguinaldo Haaland
Vera Rafdal Jensen
Nikoline Eikefet Myredal
Ada Emilie Aadland Eide
Malvin Heggholmen
Linus Nakken Espeland
Lilly Nakken Espeland
Isak Øverland Algrøy
Mathilde Justad Haugland
Marius Andre' Løtveit-Tollefsen
Ylva Ulveseth
Sofie Skogestad Kleiven
Amelia Olsen Jakobsen
Tobias Gerling Tenstrand
Tobias Turøy
Lian Evander Rød Olsen
Josefin Wilhelmsen Finsaas
Freya Lie
Max Vallestad Røed
Marie Bjerke Fjeld
Matheo Solberg Kingswick
Amina Oline Høgøy-Schjørn
Eyolf Tingvatn
Iselin Fond Sørensen-Kraakenes
Kian Nilsen Mongstad
Lilly Sofie Dale Skjerping
Abel Brandsnes Veland
Aksel Hammersland-Ask
Victoria Hugøy

Foldnes kyrkje

Atlas Harlem Hetland Lehmann
Ingrid Smedhaug Pladsen
William Kvamsdal Hoft
Michelle Baade Kallestad
Ellie Louise Fonnes Rise
Silas Odland Foldnes
Sander Nedreaas Hjelland
Leo Haugsdal-Aa
Emil Strand
Theon Nesse Tunes
Henrik Sævareid Skaftun
Iben Abrahamsen Bø
Vår Abrahamsen Bø
Lana Hansen Hellevik
Lucas Fjæreide Breivik
Mina Zachariassen

Landro kyrkje

Maja Tennebekk Nielsen
Mille Tennebekk Nielsen
Johan Cabiles Langeland
Mikal Glesnes
Sofia Engesæth
Matilde Alice Angeltveit
Andrine Igelkjøn

Blomvåg kyrkje

Matias Hatten Rong
Agnes Oen Rong
Elias Dagestad
Adam Gustav Bjarte
Helle-Pettersson
Maya Pauline Torsvik Landro

Hjelme kyrkje

Livli Elisa Steinseth
Samuel Håland Solvang
Anton Torsvik Sæle

VIGDE

Fjell kyrkje

Ingeborg Dyrøy og Håvard Bredholt

DØDE

Kausland kyrkje

Ulf Thode	f. 1943	f. 1925
Kåre Skyttermoen	f. 1940	Nils Audun Eide
		f. 1940
		Helga Amalie Toft
		f. 1939
		Anne Marie Trellevik
		f. 1938
		Signe Olsen
		f. 1943
		Solveig Eidesund
		f. 1923
		Heinz Franzen
		f. 1942

Klara Toft

f. 1925

Nils Audun Eide

f. 1940

Helga Amalie Toft

f. 1939

Anne Marie Trellevik

f. 1938

Signe Olsen

f. 1943

Solveig Eidesund

f. 1923

Heinz Franzen

f. 1942

Sund kyrkje

Magnhild Børnes	f. 1938
Olaf Torger Tveit	f. 1929
Helge Konrad Forland	f. 1952
Anne-Karin Bredsten	f. 1950
Søren Willy G. Kristensen	f. 1942

Foldnes kyrkje

Solveig Pauline Merkesdal	f. 1933
Kitty Norun Hevroy	f. 1948
Margrethe Wiig Nipen	f. 1936
Anette T. Kristoffersen	f. 1981
Leif Georg Lie	f. 1950
Liv Karin Smedhaug	f. 1949
Ingolf Ræstad	f. 1942
Liv Berit Olsen	f. 1948
Ingunn Ingvartsen Hustig	f. 1954
Berit Elisabeth Nordvik	f. 1954
Anfinn Karstein Iversen	f. 1946

Bjarte Hagenes	f. 1938
Magne Kobbeltvædt	f. 1946
Gudrun Landro	f. 1932
Olav Asbjørn Nordvik	f. 1940
Magne Andreas Dyrøy	f. 1947
Astri Marie Ulveseth	f. 1946
Aslaug Lorence Kallestad	f. 1932
Edvin Asbjørn Nesse	f. 1945
Sonja Lie	f. 1943
Kristina M. Snekkevik	f. 1922
Ronald Drotningsvik	f. 1961
Mary-Ann Nord	f. 1959
Ole Christian Nøttveit	f. 1973
Magne Andreas Algrøy	f. 1953
Eirik Strømme Hansen	f. 1974
Nils Magne Lokøy	f. 1939
Hildur Augusta Hauge	f. 1946
Randi M. Mohr Sætersdal	f. 1945
Sigbjørn Kåre Bjørsvik	f. 1941
Ove Aaland	f. 1952
Marit Karin Schmidt Lie	f. 1942

Aksjon Godheit for 11. gong!

–Fordi vi trur at "små ting gjort i kjærleik, kan forandre verda".

Inger-Johanne Berg	f. 1931
Hans-Jurgen Bock	f. 1956
Margot Dalheim	f. 1948
Sam Tehrani	f. 2004
Svein Atle Pettersen	f. 1979
Espen Johan Sulen	f. 1974
Else Karen Gundegjerde	f. 1932
Rita Lauvik	f. 1958
Lilly Nordvik	f. 1930
Norvald Magne Midttveit	f. 1935
Landro kyrkje	
Hjalmar Arne Landro	f. 1934
Stian Dyrkolbotn Bøe	f. 1975
Oskar Neset Eltvik	f. 1995
Solveig Spjeld	f. 1926
Kåre Dyrøy	f. 1939
Gerd Sølvi Landro	f. 1940
Ester Turøy Hillanger	f. 1933
Margunn Eide	f. 1947
Arne Malvin Kårvæit	f. 1938
Marit Petra Turøy	f. 1938
Kirsten Eide	f. 1934
Blomvåg kyrkje	
Kristi Nilsine Rong	f. 1929
Randi Marie Torsvik	f. 1941
Anton Konrad Torsvik	f. 1928
Kjellaug Oen	f. 1945
Oline Kristine Torsvik	f. 1936
Liv Kristine Torsvik	f. 1938
Håkon Johan Vik	f. 1935
Margot Torsvik	f. 1927
Bergit Berit Breivik	f. 1933
Kjetil Edvardsen	f. 1974
Petra Karin Oen	f. 1944
Hans Andreas Blom	f. 1937
Ole Lorentz Mikkelsen	f. 1959
Henning J. Skjønhaug	f. 1952
Oline Kristin Åsheim Rygg	f. 2025
Ingrid Herborg Oen	f. 1927
Peter Siljuholtet	f. 2025
Hjelme kyrkje	
Unni Fjeldstad Thorvaldsen	f. 1962
Reidun Heggøy	f. 1951
John Martin Knappen	f. 1936
Margot Kristine Hellesund	f. 1938
Margit Marie Karlset	f. 1939



Godheitsaksjonen 2025 vert som tidlegare gjennomført av 5-6 kyrkjelydar i Øygarden kommune tysdag 20. mai, onsdag 21. mai og torsdag 22. mai kl. 17-20.

Vi tilbyr gratis dugnadshjelp med oppgåver som til dømes:

- husmaling og husvask utandørs (maks 3-4 m over bakkehøgd)
- plenklipping, hekklipping, luking, hagerydding
- baking og utdeling av bolleposar rundt omkring til glede og oppmutring
- bilvask på P-plassen ved Fjell kyrkje
- og andre oppgåver av same sorten.

Vi prioritører hjelp til eldre / einslege forsørgjarar / innvandrarár, men også andre kan melde inn oppdrag sine. Begrensa kapasitet.

Då ringjer du Øygarden kyrkjekontor på 400 03 316 (ope måndag, onsdag og fredag kl. 09.30-14.30) eller sender e-post til post.øygarden@kyrkja.no.

OBS! Vi treng mange arbeidslystne og sporty medarbeidarar. Viss du har tid og høve til å vere med éin eller fleire dagar, er det kjærkome! Då melder du deg på til Øygarden kyrkjekontor.

KVA SKJER?

Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

**LEIRAR PÅ
SKJERGARDS-
HEIMEN**
28.-30. mars:
6. klasseleir
6.-8. juni:
Ungdomsskuleleir for
8.-10. klasse
Påmelding:
kyrkja.no/
hjelmeogblomvag/leir

REFUEL
7. mars
21. mars
4.-6. april:
Refuel Weekend
2. mai
16. mai
30. mai
13. juni
Rong senter
kl. 19.30–22.30

KRIK
14. mars
28. mars
11. april
25. april
9. mai
23. mai
6. juni
20. juni
Hjeltefjorden
arena
kl. 19.30–21.30

**GOSPEL-
TEENS**
4. mars
18. mars
1. april
15. april
29. april
13. mai
27. mai
10. juni
Blomvåg kyrkje
kl. 18–20

**SMÅBARNNS-
SONG**
11. mars
25. mars
22. april
6. mai
Blomvåg kyrkje
kl. 17.30

TWEENSFEST

14. mars kl. 18-20.30 i Blomvåg barnehage for 5.-7. klasse!

Barne- og tweens- program i Sund kyrkjelyd



Stjernekorset

Likar du å synge?

Stjernekorset øver i Sund kyrkje
ca. annankvar tysdag:

4. og 18. mars
1. og 22. april
6. mai

For deg som
er mellom 4-9 år.

Vi møtes kl. 17.30-18.30.

Betweensklubb

kl. 17:30 til 19:30

Frå 3. klasse og oppover!
I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje.
Vi leikar, ulike aktivitetar, lærer
frå Bibelen, et kvelds saman.

25. mars
29. april

Myldredag

kl. 17-19

Middag, bibelforteljing,
aktivitetar og fellesskap.
Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

Kyrkjekjellaren i Sund Kyrkje

11. mars
8. april

Kyrkjelydshuset på Kausland

19. mars
23. april

20. mai - felles sommaravslutning for alle!

Barnekryssord




LysVaken og utdeling av teikneseriebibel

Ein bra flokk med skuleelevar var med på tilbodet i Sund kyrkje om å kome der laurdag kveld, overnatte i kyrkja og vera med på gudstenesta på søndagen, som var 1. søndag i advent. Dette tilbodet som gjentek seg kvart år på denne tida vert kalla LysVaken.

På laurdagskvelden blir det lagt opp til ulike aktivitetar før elevane må finne seg ein stad i kyrkja der dei kan overnatte. Det såg ut til å ha gått bra, for på gudstenesta på søndagen såg dei alle vakne og opplagde ut. LysVaken-gjengen var med i prosesjonen inn i kyrkja ved starten av gudstenesta, og seinare i gudstenesta var det nokre frå LysVaken som tende lys etter kvar av bønene for kyrkja og verda.

Mange av 10-åringane i Sund sokn hadde også møtt fram i kyrkja denne dagen. Dette var ein spesiell dag for desse borna, for litt etter preika blei dei kalla fram i kyrkja for å få utdelt ei bok som blir kalla Teikneseriebibelen. Kyrkjelydsmedarbeiter Katrin Fischer fortalte litt om boka, men det var dei litt større som var med på LysVaken som delte ut denne bibelen. Vi vonar dei finn glede i å bla og lese i denne gåva.

Olai Otterå



Vannrett

1. Jan Årdal
3. Rose
7. Såpe
8. Oss
9. Bydel i Bergen
11. Mineral

Loddrett

1. Èn Blund
2. Kommune i Østerdalens
3. Farge
4. Levi Læstadius
5. Uten styrke
6. Klokken viser
10. Svein Iversen

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!



Send inn kryssord til:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten:
Kryssord

Frist: 11. april

Vinnar av Barnekryssord
i Himmel&hav nr. 4 – 2024:
Olivia Kaser
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....



T-dagen

Trusopplæringsdagen
i Fjell, Foldnes og Landro

Glimt frå T10 HalloTweens, T12 LysVaken,
T3 Advent og T7 Sprell levande



På T10-dagen i Fjell kyrkje fekk femteklassingane ein smakebit på kva det vil seie å vere med på tweensarbeidet i kyrkja, gjennom leik, aktivitetar og mykje meir. I november var det det LysVaken-helg. Laurdagen var fylt av gøye aktivitetar som tematiserte at vi skal vere vakne for Gud og for kvarandre, men òg at Gud er vaken for oss, sjølv når vi sov. På søndagen rydda vi vekk soveposane og var med på gudstenesta. Fyrste søndag i advent var det familiegudsteneste og T3-dag. Treåringane fekk ei fin adventsbok, og etterpå var det deilig kyrkjekaffi for store og små. I januar var det tid for T7 i Landro kyrkje. Fyrsteklassingane hadde fått invitasjon i posten, men heile storfamilien var velkommen på samlinga. Vi hadde mange ulike og kjekke aktivitetar som handla om bøn og trusopplæring på heimebane.

Invitasjon til T-dagar!



Påmelding og meir info:
kyrkja.no/t-dagen



T9
Tårnagent
Laurdag 15. mars i
Fjell kyrkje



T5
Den gode gjetaren
Onsdag 18. mars i
Foldnes kyrkje



T2
Påske
Laurdag 22. mars i
Foldnes kyrkje



T13
Action
Laurdag 26. april i
Foldnes kyrkje

Liv og glede i Landro

1. søndag i advent i Landro kyrkje:
familiegudsteneste med T3-dag og barnedåp,
deretter kyrkjekaffi med hot-dogs, kaker og kaffi.

Tekst: Alvhild Vassel Eide
Foto: Anne Ludvigsen Kaldestad



Kyrkja var langt på veg fullsett av folk i alle aldrer, babyar, heile 25 3-åringar med foreldre og nokre besteforeldre. Landro Barnekor var forsongarar på salmane og song til postiludium. Gudstenesta starta med at 3-åringane vart kalla fram og fekk boka «Rom for en liten», same boka var tema for Knut Kaldestad si preike. Bønevandring med fire stasjonar gjorde at alle som ville, kunne ta seg ein tur rundt i kyrkja, tenna lys, bli teikna med korsets teikn, leggja frå seg det vonde ein ber på i form av ein stein og skriva namnet på den ein vil be for, på ei stjerne.

Under kyrkjekaffien var det avskjed med prostiprest Knut Kaldestad som heldt si siste gudsteneste i Landro før han vert pensjonist. Soknerådsleiar Dag-Olav Bjørøy overrekte han ei kortreist gåve i form av ei skjærefjøl. Han stilte også nokre merkelege spørsmål, som Knut svara på etter beste evne. Han kunne bl.a fortelja at steinveggen framme i kyrkja hadde gjort inntrykk på han heilt frå første dag: ingen av steinane står åleine, alle har fleire steinar rundt seg. Kvar enkelt av oss kan tenkja oss inn i den veggen! Elles takka han for dagens familiegudsteneste som ville stå igjen som ei stor glede frå tenesta i Landro.

Takk for ei gudsteneste med liv og glede!

FRIVILLIG-LIVET

Hels på Fred Inge Vikanes



I Foldnes kyrkje er Fred Inge Vikanes med som forsongar på gudstenester enkelte søndagar.

Søndagen byrjar med at han kjem til kyrkja ei stund før gudstenesta startar. Då øver han og dei andre forsongarane saman med organisten og syng gjennom dagens salmar. Forsongargruppa består av tre personar som står ved flygelet med kvar sin mikrofon. Dei leiar forsamlinga i song og bidreg til å skape ei fin gudsteneste.

Fred Inge har vore forsongar i to år og har alltid vore glad i å syngje. Han synest det er kjekt å vere med og leie allsangen. I tillegg er han med som frivillig på «Livets Lys» ein gong i månaden.

Nokre dagar før gudstenesta får han tilsendt køyreplanen, slik at han kan sjå og høre gjennom songane. Song og musikk har alltid hatt stor betydning for han. Som han sjølv seier: –Eg har alltid likt å syngje og formidle dei gode tekstane i songane til andre.

Vil du vere med i det frivillige arbeidet i kyrkja?

Ta kontakt med diakon/-medarbeidar i di kyrkje, sjå s. 31.

SMÅNYTT



Øyfolkets jul

I desember gjekk den store julekonserten «Øyfolkets jul» av stabelen i Hjeltefjorden arena. Omlag 800 tilskoderar fekk høyre fantastisk flott julemusikk. Blant aktørane var Gospelteens som øver i Blomvåg kyrkje



Rekordinntekt på julemassa i Klokkarvik

Som vanleg var det fullt hus i kyrkjekjellaren i Sund då den årlege julemassa gjekk av stabelen. Med både åresal, kafé og heile 132 selle loddbøker vart inntektene rekordstore i år. Vi tok ein prat med Arne Bakke, leiar i soknerådet, for å høyre meir om suksessen.

– Korleis opplevde du årets julemesse?

– Det var ei fantastisk stemning! Julemassa vart halden i god tradisjon den tredje laurdagen i november, og folk møtte verkeleg opp. Det var full sal, mykje liv og røre, og eit svært godt resultat.

– Kva kunne ein finne på messa?

– Her var det noko for alle. Me hadde loddsal, åresal, og sal av lefser, syltetøy, sild, småkaker og mykje anna. Barnekoret stod for fin song, og presten heldt andakt.

– Det vart altså sett ny inntektsrekord. Kor mykje kom inn i år?

– Alt i alt kom det inn over 103.000 kroner, noko me er svært takksame for. Desse pengane går til kyrkjelydsarbeidet vårt. Eg vil takke komitéen som arbeider trufast med å få til eit flott arrangement kvar haust. Takk også til dei som deltok på ymse vis: møtte opp, selle lodd, kjøpte lodd, og lagde gevinstar.

Korøving med song og fellesmiddag

Song, fellesskap og ein god middag gjorde denne tysdagen ekstra triveleg i Fjell kyrkje. Songen rungar frå kortrappa i kyrkja: «Det er så herleg å vere til!» Ungane kan teksten godt no. Nokre står stille i kortrappa medan dei syng, andre dansar litt i takt med musikken, medan dei minste surrar litt rundt på det vakre, rauda teppet. Foreldra følgjer dei med smilande ansikt. Det er god stemning i flokken!

Med andre ord: ei heilt vanleg øving i Fjell barnekor. Likevel ein spesiell tysdag, for middagen stod på bordet då familiene kom til kyrkja. Pølser og prat rundt bordet før korøving ser alt ut til å bli ein tradisjon etter første forsøk.

Barnekoret er i vekst, det gode ryktet spreier seg, og familiar finn saman og kjänner at dette er ei kyrkje for alle!

Stor stas med juletrefest!

Både små og store trivdest når kyrkjene var fylt til tradisjonelle juletrefestar første helga i januar. God mat, andakt, leikar, juletregang og besøk av dei heilage tre kongar, noko for heile familien!



Foto frå Hjelme kyrkje, Fjell kyrkje, Foldnes kyrkje, Landro kyrkje, Sund kyrkje og Kausland kyrkje.

TAKK TIL VÅRE ANNONSØRAR

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.

HEDER SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no



Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Fjell-ly Misjons- og konferansesenter AS

- Leir - Catering - Bowling - Kurslokaler -
Overnatting - Selskapslokaler til små og store
anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40 / 47 47 60 29

Fjell-ly AS, Møvikvn.193, 5357 FJELL
www.fjell-ly.no Epost: dagligleder@fjell-ly.no



Interflora

Sund Senter Blomster

Opningstider
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20
og laurdag kl. 09-16

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønskja. Vi har utkjøring av blomar kvar dag. Vi har gravstell.

Tlf.: 56 33 90 13



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektr.no
vestgar@thunestvedt.no

**LITT ENSOMME
- DERE OGSÅ?**

Vennefattig voksent ektepar (70 - 72 år)
søker etter andre kristne i samme situasjon
- for fellesskap, samvær og glede.

Vi er helt ufarlige, passe hyggelige og lite kravstore.
Vi bor på Ågotnes, men er ganske bevegelige.
Ta gjerne kontakt via e-post:

venneglede@gmail.com



Vil du synast for alle innbyggjarar i Øygarden kommune?

Himmel&hav hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 16 000

Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar: ys487@kyrkja.no



Joar Haavik frå Stefanusalliansen underviser om det koptiske korset på konfirmantleir.



Siste briefing i Blomvåg kyrkje før konfirmantane skal ut med bøssene.

Konfirmantane i Hjelme og Blomvåg og misjon

Den 3. desember var konfirmantane i Hjelme og Blomvåg ute med bøsser i den nordligaste delen av kommunen.

Tekst og foto: Hogne Berland

Oppladinga starta på konfirmantleir to veker tidlegare der dei lærte meir om Egypt og arbeidet som Stefanusalliansen gjer der. Konfirmantane rullerte mellom mange stasjonar og fekk med ulike innfallsvinklar eit lite innblikk i situasjonen til koptarane som lever under svært vanskelege forhold i søppelbyane i Kairo.

Etter fullført aksjon, kom konfirmantane kalde, men i godt humør tilbake til basen i Blomvåg kyrkje litt utpå kvelden. Der venta det vaflar og kakao for både bøssebærarar og foreldre som stilte som sjåførar. Det vart

også litt tid til å dele historiar frå innsamlingsrutene. Dei kunne fortelje om stort sett hjarteleg mottaking og god respons på replikkane dei hadde øvd på, mens dei satt i bilen. Nokre hadde til og med vorte invitert på brus og sjokolade.

At konfirmantane kan bruke konfirmantåret på å også rette blikket utover Noregs grenser er viktig, seier kyrkjelydspedagogen.
– Det er viktig for kyrkjelyden å ha fokus på både misjon og hjelpearbeid. Vi ønsker at konfirmantane skal få oppdage at det dei gjer her i Noreg kan

bety noko for mennesker ein heilt annan stad i verda.

I vår skal konfirmantane engasjere seg i det andre misjonsprosjektet som Hjelme og Blomvåg støttar. Den 10. april går Thailandløpet av stabelen på Toftøy idrettssbane. Då må dei på sponsorjakt og få hjelp av vene og familie som skal sponse løpet deira enten med rundebeløp eller fastbeløp. Pengane går blant anna til leiartrenings for kristne i Thailand og hjelpearbeid i Bangkok. Kanskje du kan bli med og heie?



Studentmenigheten på universitetet i Ngaoundéré i Kamerun.

Liv i teneste for misjonen: Forteljingar frå Kamerun og Kenya

Både Egil Reindal og Turid Toft Amenya har dedikert store delar av livet sitt til misjonsarbeid i utlandet. Dei har reist ut for å dele tru, undervise og hjelpe menneske i ulike samfunn. På kvart sitt føremiddagstreff i Sund kyrkje delte dei erfaringane sine.

Tekst: Olai Otterå

Foto: Egil Reindal

Egil si misjonsreise

Egil Reindal, tidlegare vikarprest i Sund sokn, har bak seg fleire opphold som misjonær i Kamerun. Han reiste ut for første gong i 1982, utsendt av Laget, og har sidan vore i landet med jamne mellomrom. Etter 2011 har han gjerne reist ut ein gong i året.

I Kamerun har Egil arbeidd mykje med skulelagsarbeid, der

han har besøkt ungdomsskular og vidaregåande skular, starta skulelag og hjelpt elevar med å studere Bibelen. Han har også vore ein del av studentarbeidet gjennom bibelundervisning, gudstenester, alfa-kurs og sjelesorg. Opplæring av evangelistar har vore ein viktig del av tenesta hans, og han underviste jamleg ei veke i månaden.

Vidare har Egil vore involvert i oppretttinga av fleire skular og kyrkjebygg. Ei av kyrkjene han hjelpte til med, vart utvida då ho vart for lita, og seinare har ei ny og større kyrkje blitt reist. Han understrekar at alt arbeidet han har vore ein del av, handlar om Guds verk, ikkje om hans eiga innsats. –Det er ikkje for å skryte av det eg har gjort der, det er Gud som har gjort det, seier han.

Turid si teneste i Kenya

Turid frå Rong har hatt 12 innhaldsrike år som utsending i Kenya. Det er snart 40 år sidan ho første gong reiste ut, og ho fortalte på føremiddagstreffet i Klokkarvik om sine opplevingar og erfaringar frå tenesta der.

Då ho kom til Kenya, møtte ho eit gjestfritt folk, men språket var ei stor utfordring i starten. Ho hadde ingen referansar anna enn ordet "lala", som betyr å sove. Etter nokre månader med språkkurs vart ho plassert ved kysten, der ho tilpassa seg eit varmt og fuktig klima med temperaturar som aldri gjekk under 20 grader. Vêrets rytme var stabil: elleve månader med sol, ein månad med overskya vær og ei veke med regn.


Turid har hatt mange rike år i vaksenopplæringsarbeid og har møtt mange fantastiske menneske. –Gud er god som lar oss møte fine enkeltmenneske, seier ho. Ho understrekar kor takksam ho er for at Gud har latt henne møte fine enkeltmenneske som har gjort livet hennar rikare. Ho har alltid vore merksam på å kle seg med respekt for folket ho har arbeidd blant.

I teneste for andre

Både Egil og Turid har gjennom sitt arbeid som misjonærar erfart gleda ved å dele tru og hjelpe andre. Historiene deira vitnar om eit sterkt engasjement og eit brennande ønske om å gjere ein forskjell. Dei har begge sett korleis trusarbeid og utdanning kan forandre liv, og dei deler si takksem for møta med menneske som har gjort livet deira rikare.

Deira vitnesbyrd minner oss om at misjon ikkje berre handlar om å formidle ei tru, men også om å skape sterke band mellom menneske på tvers av kulturar og grenser.

LESARINNLEGG



Eit skråblikk på salmeboka

Tekst: Asgeir Straume

Foto: Den norske kyrkja / Bo Mathisen

Dei fleste kjenner Jakob Sande sitt kjenslevare dikt om vesle Daniel. Frå den har eg plukka nokre liner:

**Vesle Daniel skal ut i verda
og gjer kista klar i denne stund/
og på heidersplassen øvst i kista
lyser salmebok og testament.**

Ei tid i vårt folk var salmeboka viktig – både i kyrkja og til bruk i heimen. Salmebok og Bibel var fast gåve til konfirmanten.

Eg har vore fast gudstenestedeltakar i meir enn 60 år og har slik eit nært forhold til salmeboka. Men no har utviklinga gått i den retning at ein ikkje lenger lyt bla i salmebok og sjå på salmetavla for å kunna syngja med i gudstenesta, salmane kjem opp på skjerm/vegg, - og det er kjekt, eg trur jamvel det stimulerar til å delta med song. Og det går bra heilt til ein ikkje lenger kan sjå det som kjem opp på veggen, då er salmebok med stor skrift god å ha, og den er god å ha dei gongene teknikken sviktar, slik skjer frå tid til anna.

Ei anna side ved bruk av salmebok er all den tilleggsinformasjonen ein får, der står det kven som står bak salmen, når den er skiven og kven som har tonesett den.

Eg har hørt folk reagera på at me syng "Deilig er jorden" – og det i disse tider med alle krigane som pågår!

Salmen vart skiven av Bernhard Severin Ingemann i 1850, då rasa den første slesvigske krig (1848–1851), det var ingen krig med fjernstyrde droner, men ein krig mann mot mann... "gjennom de fagre riker på jorden"...

Etter at sokneråd og prest vart merksam på at ikkje alle kan sjå teksten på veggen – kjem no salmane i Foldnes på fredags-helsing frå presten! Då kan ein på førehand sjå kva salmar ein møter i gudstenesta. Og saman med søndagens tekstar vert det spennande å sjå kva presten vektlegg i preika.

Eg slår då eit slag for bruk av salmeboka både i heim og kyrkja.



VELKOMMEN TIL GUDSTENESE!

TYSDAG 4. MARS

Blomvåg kyrkje kl. 06.30:

Morgonmesse ved Espen Tveten og Hogne Berland.

SØNDAG 9. MARS

Kausland kyrkje kl. 11: Faste-gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd. Offer: Blå kors.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp. Offer: eige arbeid.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med nattverd.

Offer: eige arbeid.

Landro kyrkje kl. 18: Kvelds-gudsteneste ved Morten Torsvik. Offer: eige arbeid.

Blomvåg kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp, nattverd og søndagsskule. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 16. MARS

Sund kyrkje kl. 11: Faste-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Stine Sofies Stiftelse

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Preike og song ved Landy Bakke.

Offer: NMS Thailand/DNI-Jesu døtre. Årsmøte NMS Bjørgvin.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd.

Offer: Kirkens bymisjon i Bergen.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Harald Fylling, dåp, nattverd og søndagsskule. Offer: Tro og Medier.

TYSDAG 18. MARS

Blomvåg kyrkje kl. 06.30:

Morgonmesse med nattverd ved Espen Tveten.

SØNDAG 23. MARS

Kausland kyrkje kl. 11:

Familiegudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Menneskeverd.

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Care.

Foldnes kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: Laget NKSS. Årsmøte etterpå.

Landro kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Harald Fylling, dåp. Offer: Tro og Medier.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten, utdeling av bok til femåringar, dåp og song ved Lyskasteren. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 30. MARS

Sund kyrkje kl. 11: Faste-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: IKO.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Erling Kopperud, dåp og nattverd. Offer: T-dagsarbeidet.

Foldnes kyrkje kl. 19: Kvelds-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Offer: Areopagos.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd. Øygarden kyrkjebrass deltek. Offer: Kirkens SOS.

Hjelme kyrkje kl. 11: Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

TYSDAG 1. APRIL

Blomvåg kyrkje kl. 06.30:

Morgonmesse med nattverd ved Espen Tveten og Jan Tommy Fosse.

SØNDAG 6. APRIL

Kausland kyrkje kl. 11: Faste-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid. Årsmøte etterpå.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Harald Fylling, dåp og nattverd. Offer: Fasteaksjonen.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Gospekoret Lokal Vokal deltek. Offer: Fasteaksjonen.

Landro kyrkje kl. 11: Jazz-gudsteneste ved Morten Torsvik og Eline Olsen med band, dåp. Offer: Fasteaksjonen

Hjeltefjorden arena kl. 11:

Gudsteneste med Gospel teens, Lyskasteren m. fl. Arrangør: INRI-kyrkja, Vik bedehus og Dnk.

PALMESØNDAG 13. APRIL

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Søndagsskolen Norge.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Maria Tveten. Offer: NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

Landro kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp. Offer: Søndagsskolen Norge.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp. Offer: Normisjon.

SKJÆRTORSdag 17. APRIL

Kausland kyrkje kl. 19: Kvelds-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

Offer: Misjonsalliansen.

Foldnes kyrkje kl. 17: Kvelds-gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd. Med kveldsmat etterpå.

Landro kyrkje kl. 17: Kvelds-gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 18: Kvelds-gudsteneste ved Espen Tveten, nattverd. Offer: NLM

LANGFREDAG 18. APRIL

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, nattverd. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

Kontaktinfo

SOKNERÅDSLEIARAR

Sund sokneråd:

Arne Bakke, arne-bak@online.no

Fjell sokneråd:

Egil Nødtvedt, netgil@online.no

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik,
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Dag-Olav Bjørøy, bjoroy@online.no

Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Erling Vik, erl-vik@online.no

FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kårbo Rong,
gislerong@hotmail.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530,
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Diakon Bodil Lee Øksnes Espedahl:
930 94 210

Sokneprest i Sund Lars Arne Vik:
477 56 440

Diakon i Sund, Torunn N. Utvær:
922 34 648

Sokneprest i Fjell Per Hjemdal:
411 26 549

Diakoniarbeidar i Fjell,
Renate Olsen Seim: 930 36 160

Sokneprest i Foldnes Maria Tveten:
450 63 016

Sokneprest i Landro Morten Torsvik:
909 37 169

Diakon i Landro, Synnøve Engelsen:
950 55 178

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg
Espen Tveten: 916 17 800

Diakoniarbeidar i Hjelme og Blomvåg/
Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881

PÅSKEAFTAN 19. APRIL

Fjell kyrkje kl. 23:

Påskennattsgudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

PÅSKEDAG 20. APRIL

Sund kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: NLM.

Fjell kyrkje kl. 12: Høgtids-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Normisjon.

Foldnes kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: Sjømannskirken.

Landro kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp. Offer: misjonsprosjektet NMS.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Misjonsprosj. Thailand - NMS og Normisjon.

2. PÅSKEDAG 21. APRIL

Fjell festning kl. 12: Frilufts-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes. Offer: Kirkens bymisjon i Bergen.

SØNDAG 27. APRIL

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Svein Morland, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd. Øygarden kyrkjebrass deltek. Offer: Menneskeverd.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Offer: eige arbeid.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Erling Kopperud, dåp, nattverd og søndagsskule. Offer: Misjonsprosjektet Thailand - NMS og Normisjon

SØNDAG 4. MAI

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Åpne Dører.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp. Offer: Bildøy Bibelskole.

SØNDAG 11. MAI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: MAF - Mission aviation fellowship.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmasjon ved Espen Tveten. Heile kyrkjelyden er velkommen – det er god plass i kyrka. Offer: Skjergardsheimen

LAURDAG 17. MAI

Kausland kyrkje kl. 10: Festgudsteneste ved Lars Arne Vik. Offer: KIA Norge.

Sund kyrkje kl. 11.30: Festgudsteneste ved Lars Arne Vik. Offer: KIA Norge.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Egil Morland, dåp og nattverd. Offer: Sjømannskirken.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Maria Tveten. Offer: Stefanusalliansen.

Landro kyrkje kl. 11: Familiegudsteneste ved Jan Tommy Fosse. Offer: Stefanusalliansen.

Blomvåg kyrkje kl. 10: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes. Offer: Basecamp.

Hjelme gamle kyrkje kl. 11.30: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes.

SØNDAG 18. MAI

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Cuba.

For oversikt over konfirmasjonsgudstenester sjå s. 10-13



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek etterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på SKJERIKYRKJA.NO

Du kan også lese
om kyrkja si
verksemd på:
kyrkja.no/oygarden

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebæreklokka 2
5353 Straume



Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar. Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og
dåpskurs gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap



**DET ER HÅP
I EIN DROPE
VATN**



Foto: Håvard Ståland / Kirken Nødhjelp

FASTEAKSJONEN 6. APRIL 2025

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom, krig og konflikt. Bli med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det mest. Støtta fra deg reddar liv.

Vipps til 2426

www.fasteaksjonen.no



KIRKENS NØDHJELP
act alliance